



STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Dato: 12.04.2018  
Vår ref.: 2014/10571-78  
Saksbehandlar: gunradd  
Dykkar ref.:

## Rapportering på bruk av Belønningsmidlar i 2017

Vi viser til avtalen som er inngått mellom Samferdselsdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot av belønningsmidlar for perioden 2015 – 2018. Avtalen har forplikta Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune til å arbeide for nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i avtaleperioden. Tiltaka som har inngått i Belønningsavtalen har vore forankra i tiltaksplanen i Bergensprogrammet. Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen har hatt eit felles ansvar for gjennomføring av tiltaka.

Ved årskiftet 2017/2018 vart Bergensprogrammet vidareført i den nye byvekstavtalen Miljøløftet og her er tiltaka for å skape ein miljøvennleg by vidareført. Miljøløftet er eit samarbeid mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune, Jernbanedirektoratet og Statens vegvesen om framtidens transportsystem i Bergen.

I samband med inngåing av Miljøløftet vart det etablert nye rutinar for rapportering på bruk av midlane. Statens vegvesen, region Vest har tidlegare i år sendt inn passasjerstatistikk på kollektivtransport og trafikkindeksal til Vegdirektoratet. Her kom det fram at målet i Belønningsavtalen om at «*Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auka i avtaleperioden sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar*» er nådd. Også i 2017 har det vært nedgang i trafikken gjennom bomringen mot Bergen sentrum. Tal frå tellepunktane ved bomstasjonane i retning Nygårdstangen viser ein nedgang på 1,1 samanlikna med 2016. Trafikken er på nivå med 2005. Inn mot sentrumskjernen er det også ein nedgang. Tellepunktane vart etablert i 1990 og trafikken har i denne perioden ikkje vore lågare enn i 2017. Nedgangen samanlikna med 2016 er på 2,1 %. Eit tiltak som har gitt merkbare resultat i biltrafikken var innføring av tidsdifferensierte bompenge i februar 2016. Totalt sett har tiltaket ført til 5,7 % lågare trafikkvolum gjennom bomringen på kvardagar.

Fylkeskommunen og Bergen kommune har i denne rapporteringa konsentrert seg bruk av midlar på dei ulike aktivitetane i 2017 som var knytt til Belønningsavtalen 2015 - 2018.

Det vart overført 47,5 mill kr frå 2016. I tillegg vart det bevilga totalt 300,- mill kr, inkludert ekstraløyvingane på 100 mill kr. Tabellen som er lagt ved sist i dette brevet viser eit forbruk på 292,3 mill kr av dei 379,5 mill kr som har vore tilgjengeleg. Det vil sei at tildelte midlar for 2017 har vore nytta i tråd med budsjetteringa. Det har vore eit underforbruk på tiltak knytt til utbetring av framkomsttiltak for buss og sykkeltiltak. Det har vore eit underforbruk på tiltak knytt til utbetring av framkomsttiltak for buss og sykkeltiltak. Unytta midlar i 2017 finansierer produksjon i 2018. Prosjekta dette gjeld er i anleggsfasen og vil stå ferdig i 2018. I hovudsak gjeld dette etablering av kollektivfelt i Hasthaugvegen og kollektivprioritering på Haukås som begge inngår i ein samlekontrakt som det har vore nokre forseinkinga på. Dette gjeld også etablering av

gang- og sykkelbru på Nygårdstangen. Her vart det forseinkingar grunna ein underleverandør som gjekk konkurs.

Kontinuerleg styrking og utvikling av kollektivtilbodet er eit vesentleg tiltak for å oppnå ei kraftfull endring over til miljøvennlege transportformer. Også i 2017 er tilbodet styrka på busstamlinjene, samt på bylinjer med mange reisande. Her er vektlagt å betre tilbodet i større delar av døgeret. Bybanen har fått forlenga bybanevogner og siste delstrekning til Bergen Lufthavn Flesland vart satt i drift. Frå 2017 vart det satt inn større fartøy på Bybåtsambandet mellom Kleppestø-Strandkaaien for å sikre betre kapasitet i rush. Det er og nytta belønningsmidlar til å vidareføre drift av tidlegare i verksette tiltak.

Gjennom Belønningsavtalen har det vore mogleg å realisere fleire viktige tiltak for å få innbyggjarane i Bergen til å sette frå seg bilen og velje andre miljøvennlege reisealternativ. Innføring av rushtidsavgift og forbetringstiltak knytt til kollektivtransport, sykkel og gange har vist endringar i reisevanane i Bergen. Dette har særleg vist seg i fleire kollektivreisande og nedgang i biltrafikken. Fokuset på miljøvennleg transport vert no vidareført i Miljøløftet.

VEDLEGG:

Tabell som viser oversikt over fordeling og bruk av midlar på dei ulike tiltaka i Belønningsordninga er lagt ved.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

Gunhild Raddum  
Seniorrådgivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Tabell – oversikt over fordeling av midlar på de ulike aktivitetane

Tiltak/ tiltaksområder	Overført fra 2016	Bevilgning 2017	Sum overførte midler tidligere år/ bevilgning 2017	Forbruk 2017	Avvik disponible midler og forbruk	Ansvar
<i>Ekstra tildeling etter RNB 2017:</i>						
Bybanevogner	0,0	45,0	45,0	45,0	0,0	HFK
Planmidler bybane, sykkel og kollektivtiltak	-6,4	20,0	13,6	5,3	8,3	BK/Svv
Oppgradering holdeplasser på kommunal veg	0,0	12,0	12,0	12,0	0,0	BK
Sykling mot enveiskjørt gater	0,0	16,0	16,0	16,0	0,0	BK
Aktiv signalprioritering	2,3	4,0	6,3	0,9	5,4	Svv
Elektrisk busser, herunder trolleybuss	0,0	3,0	3,0	3,0	0,0	HFK
<b>SUM ekstra tildeling 2017</b>	<b>-4,1</b>	<b>100,0</b>	<b>95,9</b>	<b>82,2</b>	<b>13,7</b>	
<i>Infrastrukturtiltak:</i>						
Terminaler, knutepunkt og holdeplasser –stamlinjene	8,4	10	18,4	6,1	12,3	Svv
Framkomsttiltak for buss – stamlinjene	40,1	11	51,1	32,5	18,6	Svv
Sykkeltiltak	2,7	50,0	52,7	39,2	13,5	
Gangetiltak	0,0	3,0	3,0	3,0	0,0	BK
Miljøtiltak	0,4	11,0	11,4	9,3	2,1	
<b>SUM infrastrukturtiltak</b>	<b>51,6</b>	<b>85,0</b>	<b>136,6</b>	<b>90,1</b>	<b>46,5</b>	
<i>Utvikling og styrking av kollektivtilbudet</i>						
<b>SUM utv./ styrking kollektivtilbudet</b>	<b>32,0</b>	<b>115,0</b>	<b>147,0</b>	<b>120,0</b>	<b>27,0</b>	
<b>SUM</b>	<b>47,5</b>	<b>300,0</b>	<b>379,5</b>	<b>292,3</b>	<b>87,2</b>	